



Simas IKS
Postboks 40
6849 Kaupanger

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Rapport frå inspeksjon ved Simas Festingdalen avfallsplass – deponi. Varsel om pålegg og tvangsmulkt.

Kontrollnummer: 2023.255.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Dagny Karin Ugulsvik Alvik
Frode Tjønn
Geir Selseng
Ketil Ølmheim

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Kristin Espeset
Astrid Holte

Observatør frå Miljødirektoratet:

Ine Merete Lorgen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SIMAS IKS (Simas) den 3. oktober (på anlegget) og 5. oktober (TEAMS-møte) 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 5 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 1, 2 og 3.

Avvik:

1. Oppsamling og handtering av sigevatn har manglar
2. Oppfylling og avslutning av deponiet har manglar
3. Overvaking og vurdering av overvakingresultat har manglar
4. Dokumentasjon som viser deponiutviklinga er mangelfull
5. Verksemda har deponert avfall utan at vilkåra for deponering er oppfylt

Merknader:

1. Bruk av rett avfallsstoffnummer i den årlege rapporteringa



Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Astrid Holte
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sogndal kommune
Miljødirektoratet



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Simas IKS	
Organisasjonsnr.: 876028662	Eigd av: 974888076
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320	

Kontrollert eining

Namn: SIMAS Festingdalen avfallsplass - deponi	Anleggsnr.: 4640.0008.02
Kommune: Sogndal	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løyve gitt: 30.10.1997	Sist endra: 19.04.2023

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av den nasjonale tilsynsaksjonen på ordinære avfallsdeponi organisert av Miljødirektoratet.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Mottakskontroll av inngåande avfall
- Utslepp til vatn og kontroll med sigevatn
- Internkontroll med vekt på miljørisikovurdering, avvikshandtering og rutinar

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Simas pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.



Statsforvaltaren ber vi om at de **innan 1. mars 2024** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (forpliktande handlingsplan med tidsfristar). Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknaden er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ser alvorleg på avvik nr 1, 2 og 3 som vart avdekka under inspeksjonen, da vi vurderer desse avvika samla har eit vesentleg omfang og risiko for skade på helse- og miljø, og fleire forhold har pågått over lengre tid.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varslar at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt dersom vi ikkje har motteke ei skriftleg stadfesting på at avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde **innan 1. mars 2024**, jf. forureiningslova § 73.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000,-.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Varslar pålegg om tiltak

Statsforvaltaren varslar at vi vil påleggje Simas å gjere følgjande tiltak **innan 1 mars 2024**:

- Lage oppdatert plan for avslutning og etterdrift av deponiet

Pålegget vert gitt med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd, jf. avfallsforskrifta § 9-15.

Ingen deponiområde er heilt eller mellombels avslutta, sjølv om deponering på deponietappe 1 opphøyde omkring år 2006, og berre ein mindre del av deponietappe 2 er i bruk til deponering no. Det er etablert komposteringsaktivitet oppå deponietappe 1 utan at avslutning av deponiet under er meldt om eller godkjent av Statsforvaltaren. Manglande avslutning gjer at overflatevatn frå endeleg avslutta deponi, som i utgangspunktet skal vere reint, ikkje kan førast utanom reinseanlegget. Vassmengdene til reinseanlegget vert dermed større enn nødvendig, og dette kan føre til redusert reinseffekt. Manglande avslutning fører også til at deponert avfall vert utsett for meir nedbør enn nødvendig, og utvasking av forureining vert større enn nødvendig. God avslutning av deponiområde kan og ha positiv effekt for å redusere påvist forureining i grunnvatnet.

Verksemda lagde ein drifts- og avslutningsplan som sist vart oppdatert 4. mai 2004. Arealbruk og oppfylling fram til no avviker på fleire punkt frå denne planen, og det er behov for ein oppdatert plan.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.



6. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. september 2022. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Simas betale eit gebyr på kr 56 100 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn over fleire dagar. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

7. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp www.norskeutslipp.no.

8. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Oppsamling og handtering av sigevatn har manglar

Avvik frå:

Løyve, sist endra 19. april 2023 punkt

- 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- 10.2 Oppbygging og sikring av deponiet
- 10.4 Oppsamling og reinsing av sigevatn
- 10.5 Oversikt over vassbalanse

Kommentarar til regelverket

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, støy medrekna, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelige grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 14.



10.2 Oppbygging og sikring av deponiet

Verksemda skal hindre innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og gjennomføre nødvendige tiltak for å redusere vassinntrenging til deponiet. Reint overflatevatn frå tilstøytande areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje førast til sigevassnett, men leiast separat utanom deponiet. Dersom reint overflatevatn vert ført under deponiet, skal drencsystemet ha eit dobbelt sett, uavhengig røyr som kvar har hydraulisk kapasitet svarande til maksimal avrenning i eit normalår.

10.4 Oppsamling og reinsing av sigevatn

Sigevatn frå alle deponiceller, anten dei er i bruk til deponering av avfall eller vert rekna som avslutta deponiareal, skal samlast opp og førast til reinseanlegg. Oppsamlingseffektiviteten av sigevatn skal vere nær 100 %. Oppsamlingssystemet skal vere operativt inntil Statsforvaltaren godkjenner opphøyr av jamleg vedlikehald.

Sigevatn som overstig grenseverdier basert på PNEC-verdier skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar. Reinsinga skal signifikant redusere konsentrasjon av utfellbar forureining. Reinseanlegget skal dimensjonerast med ein hydraulisk kapasitet svarande til maksimal avrenning i eit normalår, og ha overløp for avrenning utover dette.

10.5 Oversikt over vassbalanse

På bakgrunn av kontinuerleg måling av (eller tilgang til) nedbør, kontinuerleg måling av sigevatn og utrekning av fordamping, skal verksemda dokumentere vassbalansen minst for det arealet som er avsett til deponi.

Dersom representative data ikkje er tilgjengelege, må meteorologiske data som er nødvendig for dette føremålet samlast inn på deponiet.

I Miljødirektoratets rettleiar TA-2077/2005 er det vist kva som skal inngå i ein vassbalanserekneskap. Det går fram at vassbalanserekneskapen skal brukast til å dokumentere om ein har oversikt over alle vass-straumar, og kontrollere om avskjeringstiltak fungerer slik at det er minst mogleg framandvatn i sigevatnet og om alt sigevatn vert samla opp.

Observasjonar

Oversikt over og oppfølging av vassbalansen er mangelfullt

Vassbalanserekneskapen er mangelfullt og vert ikkje brukt som verktøy for å sikre kontroll med vass-straumane. Det er ikkje laga i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet TA-2077/2005 «Rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi», og grunnlagsdata er mangelfulle.

Mellom anna vert ikkje sigevassmengdene målt kontinuerleg. Vidare manglar kart som viser arealet til heile nedslagsfeltet, avskjeringstiltak og areal på delområde der vatn er avskore, og kor vatn frå ulike nedslagsfelt vert ført, og kva for areal som skal/bør avskjerast. Flest mogleg data må målast, der det ikkje er mogleg må det estimerast.

Effekten av avskjerande grøfter lagt i drenerande massar er ikkje vurdert. Det er ikkje gjort estimat på innlekking av grunnvatn til deponiet og utlekking av sigevatn til grunn- og overflatevatn, eller vurdert avrenningsmønster og kor mykje vatn som renn gjennom deponiet og kor mykje som renn av på ulike overflater.

Vassbalanserekneskapen viser ikkje nødvendige og planlagde tiltak for å få kontroll med vass-straumane, kva område som bør avskjerast, område med behov for tetting, avslutning mv.



Vi viser også til manglar ved vassbalanserekenskapen som er omtalt i varsel om pålegg som vart sendt i samband med slagg frå Nyrstar.

Forureining og manglande avskjering av overvatn

Det er over fleire år påvist at bekken gjennom deponiet er forureina nedstrøms, men verksemda har ikkje vurdert eller gjennomført tilstrekkelege tiltak for å redusere forureininga.

Det er mellom anna ikkje undersøkt om det lekkasjar av sigevatn inn i overvassrøyret som går gjennom deponiet.

Verksemda kunne ikkje dokumentere at det er gjort tilstrekkelege tiltak for å avskjere overvatn frå område utanfor deponiet. Manglande kart gjer det vanskeleg å få oversikt over om alle område er avskore. Det er laga ein del avskjerande grøfter på anlegget, men fleire er lagt i drenerande massar, og det er usikkert om dei fungerer slik det er meint. Verksemda har ikkje vurdert det er behov for tiltak for at desse grøftene skal fungere som avskjering.

Manglar ved oppsamling av sigevatn

Påvist forureining av grunnvatn og overflatevatn viser at oppsamlingseffekten av sigevatn er for dårleg. Verksemda har ikkje vurdert eller gjennomført tilstrekkelege tiltak for å auke oppsamlinga av sigevatn. På tilsynet var det sigevatn i dagen mellom deponiet og reinseanlegget som tyder på manglar i oppsamlingssystemet. Verksemda har fleire gongar rapportert om dette problemet, og at det er gjort tiltak. Tilsynet viser at verksemda ikkje følger opp om tiltaka er tilstrekkelege.

Verksemda kunne ikkje legge fram dokumentasjon på tilsynet på at rapporterte problem med sigevassleidningen var løyst, eller om det var behov for tiltak. Verksemda har over fleire år rapportert at dimensjonen på sigevassrøyret er for liten i periodar med mykje sigevatn, og at dei har engasjert konsulent for å vurdere dette. På tilsynet opplyste Simas at konsulenten hadde konkludert med at kapasiteten er god nok, men dokumentasjon var ikkje tilgjengeleg på tilsynet. Tilstanden på sigevassleidningen var ikkje undersøkt på lang tid.

Manglar ved reinsing av sigevatn

Simas kan ikkje dokumentere at sigevatnet vert reinsa i samsvar med prinsippet om best tilgjengeleg teknikk, og at vilkåret om at reinsinga signifikant skal redusere konsentrasjon av utfellbar forureining er oppfylt.

Det er ikkje lagt frem tilstrekkeleg dokumentasjon som viser at teknologi, konstruksjon og drift av anlegget tilfredsstillar kravet eller om det er behov for endringar for å tilfredsstillar vilkåra i løyvet.

Mellom anna vert mykje framandvatn ført til reinseanlegget, kapasiteten er ukjent, verksemda har for dårleg kunnskap om sigevassmengdene og det er mangelfulle driftsrutinar, inkludert manglande rutinar for tømning av slam.

Avvik 2: Oppfylling og avslutning av deponiet har manglar

Avvik frå:

Løyve, sist endra 19. april 2023 punkt

- 10.3 Oppfylling og drift av deponiet
- 10.6 Avslutning av deponi og deponicelle



Avfallsforskrifta

- § 9-15. Avslutning og etterdrift

Kommentarar til regelverket

10.3 Oppfylling og drift av deponiet

Areal som vert nytta aktivt til deponering skal vere så lite som mogeleg. Deponert avfall skal komprimerast jamleg. Deponiet skal delast opp i separate celler som kvar skal innehalde maksimalt ein nærare definert mengd i samsvar med oppfyllingsplan. Kvar celle skal avsluttast og dekkast over før ei ny celle vert teken i bruk.

10.6 Avslutting av deponi og deponicelle

For deponiceller som inneheld biologisk nedbrytbart avfall, skal utforminga av toppdekket bidra til å sikre at det skjer ein tilstrekkeleg vasstiltførsel til å oppretthalde nedbrytingsprosessane i deponiet, samstundes som utvasking av avfallet vert avgrensa til eit minimum. Det skal leggest til rette for biologisk metanoksidasjon i lekkasjepunkt og som supplement til ordinær gassoppsamling. Utforminga av toppdekket skal hindre erosjon, sikre optimal nedbryting av avfall og vere tilpassa etterbruken av areala.

Når omsøkt deponivolum er utnytta eller mottak av avfall opphøyrer, skal deponiet avsluttast. Den ansvarlege for løyvet har ansvar for etterdrift av anlegg og installasjonar etter særskilt vedtekne krav frå Statsforvaltaren, og i minst 30 år etter avslutting.

Seinast 1,5 år før avfallsdeponering skal opphøre, skal verksemda leggje frem ein plan for endeleg avslutting og etterdrift. Planen skal mellom anna omfatte eit revidert overvåkingsprogram for vatn og deponigass i etterdriftsfasen og gi framlegg til endeleg utforming og etterbruk av deponiet. Planen må ta høgde for etterfylling på grunn av setningar og framleis drift av anlegg for behandling av gass og/eller sigevatn. Den ansvarlege vil få særskilte krav til avslutningsfasen og etterdriftsfasen frå Statsforvaltaren som eige vedtak.

Avslutta celler skal ha ei konveks form eller overflate skal ha eit fall på min. 1 %. Vekstsjiktet (dvs. øvste del av toppdekket) skal vere berre reine masser.

§ 9-15 Avslutning og etterdrift

Ved avslutning av eit deponi, eller ein avgrensa del av dette, trer meldeplikt mv. inn i samsvar med forureiningslova § 20.

Eit deponi, eller ein del av det, kan berre sjåast som endeleg avslutta dersom forureiningsmyndigheita har gjennomført ein sluttinspeksjon på staden, og har funne at vilkåra for avslutning er oppfylt. Dette reduserer ikkje den driftsansvarlege sitt ansvar i forhold til vilkåra for løyve.

Observasjonar

Manglar oppfyllingsplan

Verksemda har ikkje oppdatert plan for oppfylling av deponiet.

Avslutning av delområde

Delområde med enkel botntetting (deponietappe 1) er ikkje avslutta, sjølv om det allereie i 2005 vart informert om at dette området på det næraste var fylt opp. På tilsynet vart det opplyst at deponering av avfall på denne deponietappa opphøyrde omkring år 2006. Slagg frå Nyrstar er plassert på toppen av denne deponietappa med tanke på nyttiggjering.



Heller ikkje delar av deponiet med dobbel botntetting (deponietappe 2) er heilt eller mellombels avslutta, sjølv om det berre er ein mindre del av deponietappa som er i bruk til deponering no.

Manglande avslutning av deponiområde fører til meir sigevatn, meir vassforureining og større utslepp av deponigass.

Verksemda har etablert komposteringsaktivitet oppå deponietappe 1 utan at avslutning av deponiet under er meldt om eller godkjent av Statsforvaltaren. Verksemda har ikkje lagt fram plan for endeleg avslutting og etterdrift av dette området.

Avvik 3: Overvaking og vurdering av overvakingsresultat har manglar

Avvik frå:

Løyve, sist endra 19. april 2023

- punkt 11.5 Program for utsleppskontroll for deponiet

Kommentarar til regelverket

11.5 Program for utsleppskontroll for deponiet

Program for utsleppskontroll for deponiet skal gjennomførast i tråd med rettleiar TA-2077/2005 eller seinare utgåver og som minimum omtale:

- overvakingstema nemnd i tabellen under
- parameterinterval i samsvar med krav i vedlegg 3 og eigen vurdering
- ev. andre komponentar, herunder prioriterte miljøgifter, som er omfatta av årleg rapporteringsplikt
- analyse og vurdering av resultat, inkludert vurdering av reinseeffekt
- utrekning og vurdering av årlege mengder der det går fram av løyvet

Overvakingstema	Frekvens
Sigevassmengd	Kontinuerleg
Sigevatnet og sigevass-sedimenta si samansetjing	I samsvar med vedlegg 3 del 1 og 2
Overflatevatnet si samansetjing	I samsvar med vedlegg 3 del 3
Grunnvassnivå	Samstundes med uttak av prøver om samansetjing
Grunnvatnet si samansetjing (kontrollbrønner)	I samsvar med vedlegg 3 del 3

I rettleiar TA-2077/2005 er det omtalt at grunnvassbrønner nedstraums må plasserast slik at dei kan fange opp eventuelt sigevatn frå deponiet. Det er vist til krav i deponiforskrifta om minst eit målepunkt i grunnvassbrønn overfor deponiet og minst to i grunnvatn nedanfor deponiet. Plassering av brønner må avgjerast etter hydrogeologisk vurdering, etter at grunnvatnet si retning og djupne er kjend.

Observasjonar

Manglar kontinuerleg måling av sigevatn

Sigevassmengdene blir ikkje målt kontinuerleg, verken vatn som går via reinseanlegget eller vatn som går i overløp. Dette er også etterlyst i tilbakemelding på fleire eigenkontrollrapportar.

Overvaking av grunnvatn

Verksemda kunne ikkje dokumentere at etablerte grunnvassbrønner gjev tilstrekkeleg oversikt om påverknad frå deponiet i alle utstrøymingsområde frå deponiet. Verksemda hadde mangelfull



oversikt over grunnvass-straumane i området, og kunne ikkje gjere greie for om grunnvatnet ved deponiet hadde fleire utstrøymingsområde med behov for to målepunkt for å overvake eventuell påverknad frå deponiet.

Interconsult gjennomføre i 2004 ei miljørisikovurdering for Simas, der det står følgjande i kapittelet om hydrogeologi: «Dei lokale bergartane har ingen primær porøsitet. All grunnvassrørsle er derfor knytt til sprekker i berggrunnen. Sprekkene har ulike kryssande retningar og fall og dannar dermed eit samanhengande grunnvassmagasin der den hydrauliske gradienten og dermed også grunnvassrørslene vil vera styrt av topografien. Dette inneber at grunnvasstraumane vil gå frå deponiet og ned mot Sognefjorden.»

Simas har nyleg fått ein rapport (Baheloroppgåve) om hydrogeologiske og strukturgeologiske undersøkingar ved anlegget. I konklusjonen er det mellom anna vist til at grunnvass-strøyming i området skjer gjennom eit komplekst system av ope sprekkar med store lokale variasjonar i hydrauliske eigenskapar. Det er mellom anna funne strøymingsretning mot nordaust i delar av området, sjølv om trykkpotensialkartet viste ein regional strøymingsretning mot sørvest.

Den nye rapporten viser at Simas må få betre oversikt over grunnvass-straumane i området for å sikre at brønnane er plassert slik at overvakinga fangar opp eventuell spreining av forureining i alle utstrøymingsområde.

Vurdering av behov for overvaking av prioriterte miljøgifter

Verksemda har ikkje vurdert om det er behov for å overvake prioriterte miljøgifter som er omfatta av rapporteringsplikt, utover minstekravet til parametrar som er lista opp i vedlegg 3 til løyvet.

Mangelfull vurdering av resultat frå overvakings- og utsleppstal

Analyse og vurdering av resultat frå overvakings- og utsleppstal er ikkje grundig nok til å vurdere utvikling og trendar i sivevatn og påverknad på miljøet rundt deponiet.

Tala vert i liten grad samanstillt i tidsseriar, og endringar i konsentrasjonar oppstrøms samanlikna med nedstrøms er ikkje samanstillt. Betre vurdering av overvakingsresultat er også etterlyst i tilbakemelding på eigenkontrollrapportar for 2021 og 2022. Manglande vurdering av overvakingsresultat gjev dårleg grunnlag for vurdering av behov for tiltak.

Til dømes har verksemda over tid rapportert og vurdert svært ulikt om tilstanden i grunnvatnet i eigenkontrollrapportane i perioden 2018-2022. Utviklinga er ikkje vist i tidsseriar, og vasskvaliteten nedstrøms er i liten grad samanlikna med kvaliteten oppstrøms. Tidvis vert det rapportert i milligram per liter, tidvis i mikrogram per liter for same parameter, og vesentlege endringar er ikkje kommentert. Dette er også nemnt i tilbakemelding på eigenkontrollrapportane. Brønn 2 er rapportert som oppstrøms fram til 2019, etter dette er brønnen rapportert som nedstrøms. I miljørapporten med vurdering av resultatata for 2018 og 2019 står det likevel at vasskjelda for drikkevattn vert nytta som referansepunkt for grunnvatn, men det er ikkje rapportert analyseresultat for denne brønnen i 2018 eller 2019. I rapporten for 2018 står det at brønn 2 ligg under deponiet. Plassering av drikkevassbrønnen som vert nytta som referansebrønn er ikkje vist på kart. Mangelfull kvalitetssikring og vurdering av data gjer at ein ikkje kan stole på om data er rett, og det er mangelfullt grunnlag for å vurdere korleis kvaliteten på grunnvatnet har utvikla seg over tid.



Avvik 4: Dokumentasjon som viser deponiutviklinga er mangelfull

Avvik frå:

Løyve, sist endra 19. april 2023 punkt

- 2.7 Internkontroll
- 10.4 Oppsamling og reinsing av sigevatn
- 10.5 Oversikt over deponiet si utvikling

Kommentarar til regelverket

2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.

10.4 Oppsamling og reinsing av sigevatn

Sigevatn frå alle deponiceller, anten dei er i bruk til deponering av avfall eller vert rekna som avslutta deponiareal, skal samlast opp og førast til reinseanlegg. Oppsamlingseffektiviteten av sigevatn skal vere nær 100 %.

10.5 Oversikt over deponiet si utvikling

Verksemda skal årleg lage ei oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er teke i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetjing, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiet sin attverande kapasitet.

Observasjonar

Simas har mangelfull dokumentasjon av deponiet si utvikling til ulike tider og oppbygging av ulike delar av deponiet.

Avvik 5: Verksemda har deponert avfall utan at vilkåra for deponering er oppfylt

Avvik frå:

Løyve, sist endra 19. april 2023 punkt

- 9.2.2 Mottak av avfall til deponering
- 10.4 Oppsamling og reinsing av sigevatn

Avfallsforskrifta

- § 9-2 Verkeområde
- § 9-4 Forbod mot deponering av visse avfallstypar

Kommentarar til regelverket

9.2.2 Mottak av avfall til deponering

I deponicelle på særskilt avsett og merkt stad (både i terrenget og på kart) kan ein ta imot (nummereringa viser til vedlegg 2 til kap. 9 i avfallsforskrifta:

- stabilt farleg avfall inklusiv forureina masse i samsvar med mottakskriteria i pkt. 2.3.1 og 2.3.2

10.4 Oppsamling og reinsing av sigevatn

Sigevass-sediment kan redeponerast dersom basiskarakteriseringa viser at avfallet tilfredsstillar kriteria for deponering på deponi for ordinært avfall.



§ 9-2 Verkeområde

Reglane i dette kapittelet gjeld for alle deponi.

§ 9-4 Forbod mot deponering av visse avfallstypar

Følgjande avfallstypar er ikkje tillate å deponere:

- a. biologisk nedbrytbart avfall, med unntak av avfall der totalt organisk karbon (TOC) ikkje overstig 10 % eller der glødetapet ikkje overstig 20 %.

Observasjonar

Manglar ved deponering av sigevass-sediment

I 2022 vart sigevass-sediment frå reinseanlegget deponert utan at avfallet var basiskarakterisert. I 2019 vart det deponert sigevass-sediment som var farleg avfall på grunn av høgt innhald av sink, men det vart likevel ikkje tatt utlekkingsstest, og avfallet vart ikkje deponert i eigen celle for farleg avfall.

Det er manglande samsvar mellom basiskarakteriseringa i 2019 der avfallet er vurdert som ordinært, og vurderingane av slammet i samband med oppfølging av avviket som var årsaka til at sigevass-sedimentet vart tømt. Her er det vurdert at avfallet er farleg avfall, men at utlekkingsstest ikkje er nødvendig fordi verksemda vurderte at anlegget uansett hadde løyve til deponering av dette avfallet.

I 2019 var vilkåret i løyvet at sigevass-sediment kan redeponerast. Ved revisjon av løyve i 2023 vart det presisert at sigevass-sediment kan redeponerast dersom basiskarakteriseringa viser at avfallet tilfredsstillar kriteria for deponering på deponi for ordinært avfall. I grunngjevinga er det vist til at dette ikkje er ei endring av vilkåret, men ei presisering av andre vilkår som også gjeld dersom avfallet skal deponerast.

Avfallet hadde innhald av TOC på 24 prosent, som er over grensa i deponiforskrifta. Verksemda vurderte ikkje om det var særskilte omsyn dei måtte ta i samband med deponeringa, på grunn av det høge innhaldet av organisk stoff og at det var farleg avfall. Vi er ikkje kjent med om avfallet er deklarerert.

Avfallstrevirke utanfor deponiområde

Avfallstrevirke er deponert utanfor deponiområdet, og utan at det er gitt unntak frå forbodet mot deponering av biologisk nedbrytbart avfall. Avrenning frå avfallet kan føre til forureining av bekk som renn gjennom deponiet og vidare mot fjorden. Verksemda opplyste at avfallstrevirket tilbake i tid vart plassert her i samband med vegbygging. Veggen er ikkje i bruk lengre, og trevirke har ingen funksjon, men avfallet er likevel ikkje fjerna.

9. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Bruk av rett avfallsstoffnummer i den årlege rapporteringa

Verksemda har i den årlege rapporteringa via Altinn rapportert at dei har deponert til saman 1552 tonn avfall i 2022. Av dette er det rapportert at 1063 tonn er i kategorien 1603 lett forureina masse. Som døme på avfall som er rapportert som lett forureina masse la verksemda fram ein basiskarakterisering av betongstein. Her har avfallsprodusenten opplyst at avfallet er i kategorien 1614 som er forureina betong og tegl. Det er vidare opplyst at ein del av steinen er forureina tilsvarende tilstandsklasse 2 for alifatkar C12-C35, og vedlagt analyserapport som viser innhald av forureining.



I Norsk standard 9431 er lett forureina massar definert slik: «Jord, stein, grus og anna ikkje farleg avfall som tilfredsstillar kriteria for mottak på deponi for inert avfall, sjå avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II pkt. 2.1». I punkt 2.1 er det vist grenseverdier for utlekkingspotensiale for lett forureina massar som kan takast imot ved deponi for inert avfall. Kategorisering som lett forureina massar er altså knytt til utlekkingspotensiale og ikkje til innhald.

Ved mottak av avfallet skal Simas kontrollere om basiskarakteriseringa er rett, inkludert om det er opplyst om rett kategori. For dette avfallet var kategorien som avfallsprodusenten hadde ført opp rett, og avfallet skulle blitt rapportert i same kategori i den årlege rapporteringa, og ikkje endra til lett forureina masse.

10. Andre forhold

Slagg frå Nyrstar

Tilsynet omfatta ikkje slagg frå Nyrstar som er plassert på anlegget. Miljødirektoratet har overtatt oppfølging av dette avfallet.

Reguleringsplan

Reguleringsplanen for området er gamal (vart vedtatt i 2001), og verksemda bør vurdere å lage ein ny plan for arealbruken på området.

11. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren sist endra 19. april 2023